

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for kultur og levekår	30.08.2022	025/22

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	22/1906 – 1
Else Marie Sandal	Journalpostnr.	22/17813

Temaplan for kultur 2023–2027

Saka blir avgjort av:

Utval for kultur og levekår

Tilråding frå rådmann:

Utval for kultur og levekår vedtek å sende framlegg til temaplan for kultur for Ullensvang kommune 2023–2027 ut på høyring med frist 25.sept.

30.08.2022 Utval for kultur og levekår

Behandling

Fellesframlegg Ap og H, foreslått av Emil Tomasgard, Arbeidarpartiet
Endringsforslag til kostnadsoversalg

1. Utvikla Lindehuset som kulturhus tas ut fra kostnadsoverslaget
2. Utvikle folkebadet med utendørsbasseng legges inn i kostnadsoverslaget med 10 millioner kroner med planlagt gjennomføring 2023–2026. Tidligere tildelte midler til prosjektering på 2 millioner inngår i dette forslaget.

Endringsforslag til kulturplan:

1. Følgende setning på s.15 under 5.3 hovedmål møteplasser og kulturarenaer strykes "Følgja opp tilskot frå fylke/stat i kommunalt budsjett"
2. Følgende kulepunkt legges til i tiltaksliste under 5.3 hovedmål møteplasser og kulturarenaer:

Strategi: Utvikle folkebadet i Odda

Tiltak: Utvikle folkebadet i tråd med tidligere planer om utendørsbasseng.

Etablere åpningstider for folkabadet i tråd med tidligere budsjettvedtak, og brukernes ønsker. Utvikle en prisstruktur for bruk av folkabadet som gjør det attraktivt å benytte tilbudet.

Bærekraftsmål: Sosial bærekraft og Økonomisk bærekraft

Oppstart: 2023

Ansvar: Ullensvang Kommune

Framlegg, foreslått av Lasse Tverdal, Arbeidarpartiet
Nytt punkt under 6.3 Hovudmål kulturarv og tradisjon:

Strategi: Bevare og styrke jakt- og fisketradisjonene i kommunen.

Tiltak: etablere flere rekrutteringsarenaer med et spesielt fokus på barn og unge.

Bærekraftsmål: Sosial bærekraft

Oppstart: 2023

Ansvar: Ullensvang kommune
Framlegg, foreslått av Håkon Kvammen, Kristeleg folkeparti
Høyringsfrist blir sett til 07.10.22

Røysting:

Fellesframlegget frå Ap og H vart vedteke med 11 røyster.
Framlegget frå Lasse Tverdal vart samrøystes vedteke.
Framlegget frå Håkon Kvammen vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå rådmannen med endring i fellesframlegga frå Ap og H, Lasse Tverdal og Håkon Kvammen vart samrøystes vedteke.

UKL – 025/22 Vedtak

Utval for kultur og levekår vedtek å sende framlegg til temaplan for kultur for Ullensvang kommune 2023–2027 ut på høyring med frist 7. oktober med følgjande endringar før høyring:

Endringsforslag til kostnadsoversalg

1. Utvikla Lindehuset som kulturhus blir teke ut frå kostnadsoverslaget.
2. Utvikla folkebadet med utandørsbasseng blir lagt inn i kostnadsoverslaget med 10 millionar kroner med planlagt gjennomføring 2023–2026. Tidligere tildelte midlar til prosjektering på 2 millionar inngår i dette forslaget.

Endringsforslag til kulturplan

1. Følgjande setning på s.15 under 5.3 hovudmål møteplassar og kulturarenaer blir følgjande stroke "Følgja opp tilskot frå fylke/stat i kommunalt budsjett".
2. Følgjande kulepunkt blir lagt til i tiltaksliste under 5.3 hovudmål møteplassar og kulturarenaer:

Strategi: Utvikla folkabadet i Odda

Tiltak: Utvikla folkebadet i tråd med tidligare planar om utandørsbasseng.

Etablere åpningstider for folkabadet i tråd med tidligare budsjettvedtak og brukarane sine ønske. Utvikla ein prisstruktur for bruk av folkabadet som gjer det attraktivt å nytte tilbodet.

Bærekraftsmål: Sosial bærekraft og Økonomisk bærekraft

Oppstart: 2023

Ansvar: Ullensvang Kommune

Nytt punkt under 6.3 Hovudmål kulturarv og tradisjon:

Strategi: Bevare og styrke jakt- og fisketradisjonene i kommunen.

Tiltak: etablere flere rekrutteringsarenaer med et spesielt fokus på barn og unge.

Bærekraftsmål: Sosial bærekraft

Oppstart: 2023

Ansvar: Ullensvang kommune

Saksopplysningar:

Ullensvang er ein rik og mangfaldig kulturkommune. Den kulturelle rikdomen må forvaltast og utviklast i samarbeid og samhandling mellom fleire partar: Offentlig og private, profesjonelle og frivillige. Ein temaplan for kultur har som ambisjon å seia noko om rammer og forankring, om status og nosituasjon, men også om utfordringar, utviklingstendenser og ikkje minst ambisjonar for framtida.

Planen skal gje tydelig retning i arbeidet med kultur i kommunen dei neste fire åra, peika på kva visjon me har, og kva fokusområde og premisser som skal vera grunnlag. Desse prioriteringane skal stå i forhold til kommuneplanens samfunnsdel, nasjonalt lovverk og sentrale satsingar i lovverk og meldingar.

Visjonen for planen: Kraftfulle kontrastar–sterke fellesskap:

Med dette viser me til rikdomen og mangfaldet som kommunen kan visa til både i landskap og kulturlandskap, folk, tradisjon, kulturuttrykk og kulturinstitusjonar.

Og me viser også til at det er sterke fellesnemnarar mellom oss og at me vil byggja og styrka fellesskapet, både fellesskapet i kommunen og dei mange fellesskapa i bygder og grender.



Foto: Helga Opedal

Fokusområde:

- Deltaking og inkludering
- Møteplassar og kulturarenaer
- Den kulturelle grunnmuren
- Kulturarv og tradisjon
- Fyrtårnsatsing og verdiskaping

Overordna premiss:

Alle organisasjonar/tiltak/arrangement som får tilskot frå Ullensvang kommune skal kunne visa til at tiltaket/aktiviteten er inkluderande og fremmar mangfald og berekraft. Kva dette betyr er orientert om i planen.

Me har lagt vekt på å vera tydeleg i kva oppgåver som skal gjennomførast dei neste åra, og legg vekt på at dette er ein bruksplan som skal evaluerast fortløpande, og gje retning for prioriteringar i økonomiplanen.

Me har vore oppteken av å ha brei medverknad i planen, med brukarundersøking, arbeidsgrupper og med løypemelding og workshop. Me tilrår vidare høyringsrunde både i forhold til ulike råd og utval, men også mot fylkeskommunen og mot innbyggjarane generelt.

Organisering av planarbeidet:

- [Det er gjennomført brukarundersøking om kultur i kommunen, sjå samandrag](#)
- Det er gjennomført innspelsmøter med ressursgrupper til fokusområda, i alt 6 møte
- Det er gjeve løypemelding til Utval for kultur og levekår
- Det er gjennomført kulturplan-workshop med inviterte deltakarar
- Ungdomsråd, Eldreråd, Råd for personar med nedsett funksjonsevne og Vestland fylkeskommune er høyringsinstans

Evaluering

Det skal gjennomførast orientering og løypemelding til Utval for kultur og levekår kvart år med gjennomgang av tiltakslista og status.

Økonomiske konsekvensar:

Gjennomføring av tiltaksliste har økonomiske konsekvenser for budsjett 2023–2027 som stipulert i vedlegg

Samandrag konklusjon:

Rådmannen tilrår å sende framlegg til temaplan for kultur for Ullensvang kommune 2023–2027 ut på høyring med frist 25.sept.

Særutskrift sendast til: Vestland fylkeskommune